



Gunnar Klemet Bøe  
BJERREGÅRDS GATE 1  
5006 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/2113 - 22/19188

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
08.03.2022

## Ferdigattest - gbnr 305/197 tilbygg til hytte Fløksand

**Administrativt vedtak:** Saknr: 249/22  
**Tiltakshavar:** Gunnar Klemet Bøe  
**Ansvarleg søkjar:**  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg og terrasse til hytte på gbnr 305/197.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 18/553, datert 07.03.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 04.03.22.

### Skildring

Adresse:	Roslandsvegen 1111
Bygningstiltak:	Tilbygg med terrasse til hytte
Bygningsnummer:	176011491
Bruksareal:	Bruksareal på 9 m2 tilbygg og terrasse med bygd areal på

	ca. 28,32 m2
Avlaup:	
Vatn:	
Tal på røykløp:	

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/2113

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Gunnar Klemet Bøe	BJERREGÅRDS	5006	BERGEN
	GATE 1		
Målfrid Berit Fossum	BJERREGÅRDS	5006	BERGEN
	GATE 1		